
Roger Kvarsvik: JOHNNY ESPEN – boksehelt på to konti- nent

Den 6.februar 1894 vart ein av dei første og største norske proffboksarane i USA fødd på garden Espetveit i Meland. Han vart pioner og førebilete for andre nordmenn som seinare søkte bokselykka i Amerika. Etter han kom heim att, sette han djupe og karakteristiske spor etter seg i nordisk og europeisk boksesport.

Tysdag 24. mars 1915 la det to år gamle emigrantskipet *Kristianiafjord* ut frå Bergen med kurs for New York. Blant passasjerane om bord var den 21 år gamle røyrleggjaren Johannes Espetvedt frå Meland. I emigrantprotokollen har han, som dei fleste andre, oppgitt utsikter til betre forteneste som årsak til emigrasjonen. Her står ingen ting om at han drog eine og åleine for å *utdanne seg til boksar*. To av brørne, Alfred og Ludvig Imanuel, hadde emigrert nokre år tidlegare. Truleg har dei skrive heim til Espetveit om den veldige popularitet boksesporten hadde i Amerika. Det var elles ein sport Johannes kjende godt. Han hadde i fleire år vore aktiv medlem i *Bergens Atletklub*. Her dreiv han både med bryting og boksing, og mange meinte det var i brytesporten han hadde sitt



største talent. Her oppnådde han tidleg gode resultat, samtidig som han trente i boksing. Nokre veker før avreisa til Amerika vart han noregsmeister i bryting, i mellomklasse B (82.5 kg). Han vart også kåra til beste deltakar i meisterskapet.

Frå New York gjekk reisa vidare til storbyen Racine i Wisconsin. Her var det truleg barndomsvennen Johannes Karlsen Espetvedt (1888-1973) som tok imot han. Johannes fekk no opplæring hos ein profesjonell boksar, som ivrig lærte ungguten frå Meland ulike slag og garderingar. Etter ei tid gjekk ferda vidare til Minneapolis, der Johannes bestemte seg for å endre namnet til det enklare og meir klingande ringnamnet Johnny Espen. Det var her han utvikla seg til boksar av det store formatet, med fleire sigrar mot sterke motstandarar. Gjennombrøtet kom derimot – paradoksalt nok – først etter eit tap mot Clay Turner. I løpet av karrieren slo Turner fleire store boksarar, og han var sparringpartner til Jack Dempsey. Sjølv om Johannes altså tapte kampen, hadde han gjort såpass inntrykk at minnesotaboksaren Fred Fulton engasjerte han som sparringpartner gjennom seks månader. For denne jobben fekk Johannes heile 20 dollar i veka, i tillegg til mat og losji. Dermed vart han ein av våre første profesjonelle idrettsmenn, som gjorde sporten til yrke og leveveg.


Sparringpartner for «det kvite boksehåpet»

For Johannes var dette ein draum som gjekk i oppfylling. Ikkje berre tente han gode pengar, men han fekk også lære boksing gratis frå ein av dei beste



utøvarane. Fred Fulton (1891-1973) var på denne tida rangert blant dei beste tungvektsboksarane i USA, og han var ein periode blant dei fremste utfordrarane til tittelkamp i tungvektsklassen. Som treningskamerat drog

Johannes med Fulton gjennom USA på kryss og tvers. Dei budde på fasjonable hotell, trena fleire gonger dagleg, samtidig som dei arbeidde hardt for å få i stand ein tittelkamp. Fulton gjekk frå siger til siger, og kvar dei kom strøymde store folkemengder



til for å få ein glimt av «det kvite boksehåpet». Fulton var det vi i dag ville kalle ein nasjonal A-kjendis i USA, og han drog Johannes med seg inn i rampelyset. Det vanka nok mykje juling på Johannes den første tida, men som ærgjerrig sparringpartner plukka han raskt opp viktige triks, finessar og kampdetaljar. Likevel var det nok knalltøft både for kropp og sjel å vere

treningskamerat med ein av dei beste og mest hardtslåande boksarane i samtida. Ikkje trena dei med hjelmar, og tunge slag mot kropp og hovud var sjølve «jobben» både for den som slo og den som tok imot. Den norske olympiameisteren Otto von Porat, som sjølv boksa i USA nokre år etter Espen, har karakterisert sparringpartnarane som «levande punchingballar».

Johannes levde no eit omflakkande liv, og drog til Baltimore, New York og andre stader for å vinne seg eit boksenamn. Slik møtte han Mike Gibbons, som var ein av dei beste mellom- og weltervektsboksarane. Gibbons trengte ein litt tyngre treningskamerat, og engasjerte Espen for to månader. På denne korte tida utvikla dei to ein nær vennskap. I New York hadde Johannes også treningskampar mot kremen av storboksarar, slike som Jack Britton, Carl Morris, Billy Brennan, Jim Coffi og den legendariske Benny Leonard. Sistnemnde var lettvektsmeister i over sju år, og frå 1912 til 1932 tapte han berre ein einaste kamp. Johannes likte ikkje «jøden» Leonard, kanskje mest fordi Leonard gav han ein karakteristisk og livsvarig «bokseøyre».

Johnny Espen toppar karrieren i USA

I New York opplevde Johannes å sitje fremst i salen da Fulton i juli 1918 vart slått i golvet etter 18 sekund av Jack Dempsey. Året etter erobra Dempsey tungvektstittelen, og heldt den til 1926. Den andre episoden var ein boksekamp



Johnny Espen på Swings redaktion.

der Espen sjølv hadde hovudrolla. Han møtte da sin mest berømte motstandar i den mørkhuda Kid Norfolk, rangert som ein av dei beste tungvektsboksarane på 1910- og 20-talet. Sjølv om Espen tapte, må det i ettertid ha vore ein stor siger å ha møtt Norfolk, som på grunn av hudfargen aldri fekk sjansen til ein tittelkamp. Dei fleste av desse boksarane er i dag ukjende for

nordmenn som ikkje er opptatt av boksehistorie. Dei er likevel viktige, fordi dei vart ein del av Johannes sin boksekvardag, og slik gjorde han kjend både i USA og Europa. Det er vanskeleg å seie nøyaktig kor mange profesjonelle kampar Johannes boksa i USA, men rundt rekna tolv er eit rimeleg anslag. Av desse vann han kring halvparten.

Tidleg i 1919 annonserte amerikanske aviser at Johnny Espen skulle møte den regjerande lett-tungvektsmeisteren Battling Levinsky til kamp 27. januar. Truleg vart det ikkje noko av dette meistemøtet. For Johannes var Amerikaeventyret no slutt, og han drog heim att til Noreg etter fire år i USA.

Heim til ny boksekarriere

Da Johannes i 1919 kom heim til Bergen og Noreg, kunne han konstatere at boksesporten her stod lågt i kurs. Innsatsen hans i USA var heller ikkje dekkja av byens aviser, sjølv om nokre av kampane var kort og overflatisk omtala i norske idrettsblad. Bergensarane visste difor lite om det bokseeventyret han hadde opplevd i USA. Boksaren Johnny Espen starta no ein ny karriere, og utvikla seg til ein av dei fremste boksarane i Europa i første halvdel av 1920-åra. I Noreg kjempa han med Georg Brustad om å vere den beste norske tungvektsboksar-

ren, medan han i 1921 tapte kampen om den skandinaviske tungvektstittelen mot dansken Chic Nelson. Seinare same året slo Johnny den svenske meisteren Ragnar Holmberg i Sverige. Hyllesten etter kampen tok heilt av: «Efter galan väntade ett par hundra ur publiken på Espen. De hissade honom och hurrade för honom hela vägen til hans hotel». Johnny vart no spurt om å vere trenar for Stockholms Atletklubb og Linnea-boksarane i Stockholm. Han takka ja, og trena desse amatørklubbane både i 1921 og deler av 1922. Dette var i ein periode da sporten fekk eit skikkeleg løft i Sverige, mykje takka vere den interesse Johannes skapte gjennom si trenargjerning. I 1922 vart han tildelt heidersteikn i sølv frå Stockholms Atletklubb som takk for innsatsen.

I Sverige var Johnny Espen også med å arrangere profesjonelle boksekampar, og deltok sjølv i ein del kampar. Med sitt norsk-amerikanske-svenske talemål kunne han nok verke litt eksotisk på staute svenskar, når han i eldre primitiv boksestil svinga ut venstre neven og ropa med rungande røyst: «Du måste garde dig og slå fruktansvärt hårdt!» I det kjende svenske boksebladet Swing var han avbilda titt og ofte. Der kunne lesarane sjå bilete av ein velkledd og flott mann. Han var i det heile alltid stilig i klesvegen, ein «skikk» han tok med seg frå dei beste amerikanske boksarane.



«Nordens Jack Dempsey»

I Sverige vart Johnny Espen såleis svært populær både i og utanfor ringen, og gjorde såpass inntrykk på svenskane at det var på tale å la han medverke i ein spelefilm. Truleg vart det ikkje noko av desse planane, men han kom likevel på kinolerretet både i Sverige og Noreg i 1921. Den 22. februar gjorde ein seg klar i Stockholm. For første gong kom ein verdsmeister i boksing til landet. Det var Georges

Carpentier, verdas beste lett-tungvektar som var på skandinavisk turné. I Circus boksearena var det nærast ville tilstandar denne kvelden. Lokalet var fullstappa lenge før kampen starta, trass i at dei billegaste billettane kosta meir enn ei daglønn for mange. Carpentier heldt først ein sparringsseksjon og deretter ei oppvising saman med sparringpartnaren, der han rekonstruerte den tittelkampen han vann i 1920.

Ein av dei tre oppvisingskampane før Carpentier entra ringen, var Johnny Espen mot den dyktige Marcel Nilles, Frankrikes nummer to. I ein kamp over 12 rundar tapte Johnny på poeng, sjølv om han særleg i siste del av kampen boksa framifrå. Blant tilskodarane var både konge, prinsar og medlemmer av det diplomatiske korpset. Den folkekjære bokseentusiasten kong Gustav V, som sjølv hadde vore ein internasjonalt kjend tennisspelar, observerte nøye både Carpentier og Espen. Den store boksehendinga vart filma av Skandinavisk Filmcentral, og alt to dagar etter kunne ein fleire stader i Sverige sjå alle dei fire boksekampane. Litt seinare på året kunne også bergensarane oppleve Johnny Espen på kinolerretet i Bergen. Det hjelpte nok ikkje lite på hans kjendisstatus i byen. Truleg er dette eit av dei tidlegaste filmopptak av ein norsk idrettsmann i aksjon. I danske og svenske aviser vart han no omtala som «Nordens Jack Dempsey».

Tilbake i Bergen

I 1922 flytta Johnny heim til Bergen, men han hadde nokre kortare trenaropphald i Sverige før han i 1930 la boksehanskane på hylla. Da hadde han boksa om lag 40 proffkampar, trena med verdas beste bokssarar og blitt rangert som ein av Europas beste bokssarar tidleg i 1920-åra. I Bergen vart han ein populær boksetrenar for klubben *Bjørgvin*, men også byens politifolk måtte stå skulerett når Johnny lærte dei den edle kunsten som kunne komme til nytte i politiarbeidet. Frå 1932 til pensjonsalder arbeidde han som militærpoliti på Marineholmen. Han var populær blant arbeidskameratane, og var kjend for å trø til i vanskelege situasjonar. Såleis blir det fortalt om to tyske soldatar som yppa til bråk med Johnny Espen på Marineholmen. Men da møtte dei feil mann! Han gav begge to ein skikkeleg omgang juling, utan at det fekk konsekvensar for han. Ei anna historie gjeld ein tyskar som etter krigsslutt hadde forskansa seg og nekta å komme ut. Johnny tok oppdraget med å hente karen, men vart møtt av ein illsint, glefsande tysk schäfer. Johnny fiska opp pistolen frå beltet og skaut hunden, før han frå utsida klistra bokseneven gjennom veggen og drog tyskaren ut. Sjølv om handa vart bandasjert nokre veker, var det eit teikn på at neven framleis gjorde susen.

Dei som hugsar Johannes i dag, ser han nok helst for seg som ein eldre, velkledd herremann spasere litt ustøtt i byens gater. Dei mange slaga han fekk,



*«Kongen av Ole Bulls plass»,
alltid like velkledde Johannes
Espetvedt.*

Johnny var alltid klar i toppen, og noko meir enn dårleg balanse var det nok ikkje.

«Kongen av Ole Bulls plass»

I Bergen var det den tidlegare storboksaren Johnny Espen, og ikkje røyrlleggjaren Johannes Espetvedt, folk hugsa og snakka om. Saman med familien budde han i ein bygard i Professor Hansteensgate på Møhlenpris. Han vart sett opp til for det ry han hadde vunne som boksar, sjølv om folk flest ikkje kjende heile boksehistoria hans. At han hadde eit kjent namn i Europa etter karrieren, vitnar fanbrev frå utlandet om, og særleg var han velkjend og populær i Sverige. Summen av hans omdømme som boksar, og ein utradisjonell, flott klesstil, gjorde Johnny Espen til eit kjent og kjærte innslag i bybiletet. For mange var han – i positiv forstand – ein herleg byoriginal, som var på nikk

særskilt som sparringpartner, førte til at balansenerven ikkje var heilt på topp på hans eldre dagar. Det var dei som meinte at dette var teikn på ein «punch-drunk»-skade som boksarar gjerne får ved kraftige slag mot hovudet. Men

med heile byen og halve Sandviken. Og han var ikkje reint lite stolt når folk på byen titulerte han som «kongen av Ole Bulls plass». Mange av smågutane som voks opp på Møhlenpris i 1950- og 60-åra, hugsar enno godt den

tidlegare boksehelten som slo av ein prat og skøya litt før han spaserte vidare. Når han meinte sommaren var kommen, tok han på seg den velkjende stråhatten. Eit par dagar etter kunne så bergensavisene melde at Johnny Espen no varsla sommartid.

Johannes var ikkje den einaste av syskena som hadde talent for idrett. Broren Knut var dyktig både i bryting og boksing, og vart noregsmeister med to landskampar i boksing. Den fire år eldre Alfred, som var samtidig med Johnny i USA, fekk ein kamp som proffboksar. Broren Ludvig slo seg ned i det nye landet for godt, stifta familie

og døydde der. Alfred døydde i juli 1966, medan Johannes sovna inn 72 år gammal den 18. september same året. Dei to ligg gravlagde saman på Meland kyrkjegard.

På gravstøtta til Johannes står skrive både Johannes Espetvedt og Johnny Espen. På forunderleg vis gir dei to namneformene kortversjonen av eit eventyrleg livsløp.

Gravsteinen over Alfred og Johannes Espetvedt, bilete frå nettsida til DIS-Norge.

